

Månadsbrev mars 2019

Dei to filmane på den store skulekinodagen, "Innsiden ut" og "Hva vil folk si" var gode, og vart jobba godt med både før og etter. Abeldagen vart spanande med mange oppgåver og kodar som måtte løysast for å få låsa opp ulike boksar før alle tok ein velfortent vinterferie.

Takk for god deltaking på den lokale trivselsundersøkinga. Førebels resultat viser at 29 elevar har svart, og alle trivst godt eller veldig godt. Meir informasjon kjem i referatet etter SMU-møtet.



Mars byrjar med at ungdomsskulen skal vera smedar for ein dag med den kulturelle skulesekken 7. mars. "Elevene får en kort innføring i smedfaget, deretter jobber de parvis ved feltessene. De får erfaring med oppfyring, manuell innblåsing av luft, og bruk av ulike typer verktøy. I prosessen tilegner de seg materialkunnskap om smijern. Alle elevene får smi sin egen ildrake." <http://vaf.ksys.no/produksjon/1204709>

Vidare skal dei same elevane svara på UNGdata-undersøkinga 2019 i veke 11, dvs. få høve til å fortelja lokale politikarar og styresmakter om korleis det er å veksa opp i kommunen, før 9. klasse skal hospitera på vidaregåande skule tysdag 19. mars. 20.-22. prøver alle ungdomsskuleelevane seg i yrkeslivet på ulike arbeidsstader i kommunen. For småskule- og mellomtrinn vert dette ein god arbeidsperiode, sjølv om 1.-4. klasse planlegg skidag for Tonstad og Sinnes skule tysdag 12. mars, medan mellomtrinnet gjer det same torsdag 14. mars.

19. mars er det SMU- og SU-møte, medan Åse-Berit skal på møte i arbeidsgruppa i ASP-net 6. mars og Lena skal på kriseberedskapskurs 26. mars, begge i Oslo. Elles har me lagt ut elektroniske skjema om elevpermisjonssøknad og melding om krenkjande åtferd på heimesida.

Sinnes 04.03.19, Åse-Berit (rektor)